

seljar og kasserar.

35 at det i 1933 og 354,63. Attåt er det gning og vølingar vsagt gi formannen, mplement for hans på sakens gjennem ved siden, og disse e loddbøker og inn- en med lærer Her- ug som kasserer og nt publikum. Disse de avslutning.»

ene for museet, Ola 7-35 er gått ned til 1 062,24 sidan 1933! formannen, Petter 00. Han vona no at ihaug for Valdres». ny formann. Leirah



alen, m. a. kasserar for 1935—1936, lutseljar 1933—36.


bad seg fri. Men året etter laut Leirah i arbeidsselen og skjækene att! Olav Rudi sa frå seg attval. Han budde for avsides, totte han.

Nye lutspel vart sett i gang både 1937 og 1938. Det siste gav snautt kr. 1000 i innkome. Det kom seg mest av at 1. vinst var ein Fiat-bil som museet vart lokka til å kjøpe for kr. 3000. Det var bankmann Jens Lyseng som var kasserar og avvikla desse lutspele. I alt gav lutspele museet ei innkome på ikr. 12 000. Knut Hermundstad var formann i alle desse lutspele-nemndene utan nokor løn.

Attåt lutspele og «Redningsbøkene» vart det mest kvart år sett i gang medlems-teikning for Valdres museumslag. Den 1. juli 1935 vart det opplyst at laget hadde 1811 årleg betalande lagsfolk og 20 livsvarige.

Det vart og freista få inn pengar med sumarstemnor. Det vart såleis halde ei Vaset-stemme, jonsokstemnor, minnestemnor og midsumarsstemnor. Men jamt «åt» utleggen opp innkoma. Den store Vaset-stemna gav såleis berre 87,90 i inntekt. Midsumarsstemne 12. juli

1936 gjekk det betre med. Ho gav kr. 1 257,38 i inntekt. Denne stemna var 35års-stemme for museet. Olav Rudi leidde stemna. Formannen, Petter Leirah, heldt ei stemningsfull, romantisk festtale. «Valdresmuseumet har reist på hodet etter en stor krise,» sa han. «Det så en tid ut til at de gamle verdier ville komme under hammeren og kanskje reise ut av bygden, men valdresene tok sig sammen, og i årene fra 1933 til i dag er gjelden sunket frå kr. 66 509,63 til kr. 44 541!» Det var så tale av bonde Olav Moe. Olav Snorheim song, og Valdres musikklag ved Håkon Foss spela, og så vart «Valdres-prinsessa» kåra! Hauk Abel fortalde og las opp, og stemningi var høg mellom dei gamle laftehusi.



Bankmann Jens Lyseng, kasserar for Valdresmuseumet og to lutspele i tidi 1937—38.